

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Møtested: E-postmøte

Dato: 20.04.2018

Tidspunkt:

Følgjande faste medlemmer deltok i e-postbehandlinga:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Iselin Vistekleiven	Nestleiar	
Sandra Opheim	Medlem	
Leif Solemsli	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjarne Eiolf Holø	MEDL	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anne-Lise Marstein	Bjarne Eiolf Holø	

Merknader

Kjersti Bjørnstad og Aleksander Øren Heen gav ikkje tilbakemelding innan fristen 20.april

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen (sign.)

Iselin Vistekleiven (sign.)

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Arkiv-saksnr
ST 16/2018	Høyring - Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Desentralisering av oppgaver frå staten til fylkeskommunene - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	2018/1852

ST 16/2018 Høyring - Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Desentralisering av oppgaver frå staten til fylkeskommunene - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 06.04.2018

Kjersti Bjørnstad uttrykte seg positivt til tilrådinga frå Ekspertutvalget, og la fram eit alternativ forslag til uttale.

Aleksander Øren Heen meinte at ein også burde sett på ansvaret for tilsetting av forvaltar, og at ansvaret klart burde liggje til nasjonalparkstyret, og ikkje til Fylkesmannen. Er elles positiv til å leggje forvaltninga av alle verneområde til folkevald nivå.

Fleire meinte at ein også burde hatt ein dialog med andre nasjonalparkstyre, for å samordne ein uttale.

Vedtak

Saka utsett. Det blir på grunnlag av diskusjonen i møtet arbeid vidare med saka, gjennom e-postbehandling. Dei som har synspunkt gjev tilbakemelding innan 20. april. E-postar sendast til alle i styret og sekretariatet.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 20.04.2018

Utsett sak frå møte 6. april behandla på nytt ved e-postbehandling, i tråd med vedtaket i sak 16/2018. Innkalling til e-postmøte vedlagt to alternative forslag til uttale vart utsendt 16.04.18.
Alt. 1) Forslag frå styreleiar Ivar Kvalen
Alt. 2) Forslag frå Kjersti Bjørnstad.

Alternativa følgjer som vedlegg til protokollen. Svarfrist vart sett til 20. april kl. 13:00. Dette i samsvar med vedtak ved første gongs behandling da frist for vidare behandling vart fastsett.

Mottekne svar på e-post:

- Iselin Vistekleiven (før: Jonassen), 17.04.18: *Eg støtter alternativ 1*
- Sandra Opheim, 18.04.18: *Eg støtter alternativ 1, styreleiar sitt forslag til uttale.*
- Anne Lise Marstein, 19.04.18: *Støtter alt. 1*

- Leif Solemsli, 19.04.18: *Støtter nå også alt. 1, da dette vel svarer mest presist på høringsnotatet ifht. vårt mandat.*

Bjørnstad har sendt lesebekreftelse, men ikkje gjeve noko direkte svar i behandlinga.

Eit fleirtal på fem støttar Alt. 1 – styreleiar sitt forlag til uttale, jf. refererte tilbakemeldingar. Alt. 1 er dermed vedteke som styret sin uttale til rapporten frå Ekspertutvalet.

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen meiner dagens ordning og samansetnad av nasjonalparkstyret fungerer bra. Ordninga sikrar at både kommunar og fylkeskommunar deltek i styringa av verneområda. Nasjonalparkstyret viser til at dagens ordning med lokal forvaltning av nasjonalparkar og andre større verneområde kom i stand for få år sidan, etter ein grundig prosess med forsøksordningar og evaluering – jf. Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon (Prop.1 S (2009-2010), der det vart konkludert med at «*Lokal kunnskap erverva gjennom generasjonar sin bruk av natur vil og kunne bidra til å styrke forvaltninga av verneområda.*» Denne lokalkunnskapen finst først og fremst i kommunane i og rundt nasjonalparkane.

Ut ifrå retningslinjene som legg til grunn at «oppgaver bør legges så nært innbyggerne som mulig» bør dagens ordning med at nasjonalparkstyra konstituerer seg sjølve behaldast for å sikre sterk lokal forankring i forvaltninga.

Tilsetjing av nasjonalparkforvaltar må skje i svært tett dialog med styret. Dette vi vera i tråd med vedtektene pkt. 6.1 som seier at «*Forvalteren er underlagt styret i forvaltningen av verneområdene.*»

Sekretariata for nasjonalparkstyra må sikrast gode fagnettverk innan naturkunnskap, og eit samordna system for administrativ og teknisk bistand for å kunne utføre arbeidsoppgåvene for styret på ein fagleg forsvarleg og kostnadseffektiv måte. Tilsettingsforholdet bør derfor leggest til fylkesmannen/fylkeskommunen.